

Tøm skjema

Journalnummer

År 2020	Fylke Vestland	Kommune Alver
------------	-------------------	------------------

## 1. Er tiltaket søknadspliktig?

**Søknadspliktige tiltak:** Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)<sup>1</sup> er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

**Tiltak som ikkje er søknadspliktige:** Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkjøringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktige. Det same gjeld enkle og mellombelse driftsvegar som berre medfører små terrenginngrep. Med små terrenginngrep meines planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m<sup>2</sup>, der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå det opphavelge terrengnivået (sjå unntaket ovanfor).

## 2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleiinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksvegforskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	100 %	Privat bustad	%
Utmark	%	Privat hytte	%
Jordbruk	%	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	%
Anna, grei ut	%		
Delsum landbruksinteresser (L)	100 %	Delsum andre interesser (P)	%
<b>Totalsum L + P = 100%</b>			

3. Opplysningar om søker		
Gnr./bnr./fnr. Gnr 238 bnr 2	Organisasjonsnr./fødselsnr.	Telefonnr. 973 05956
Søkerens namn Jan Otto Andvik	E-postadresse	
Adresse Eknes 59	Postnr. 5993	Poststad Ostereidet

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)		
Vegnamn Eknesvegen	Vegplanleggar N Kaalaas	
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja, liste er lagt ved	<input type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunngjeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	3 stk.	

5. Om tiltaket			
Fyll ut for permanente tiltak			
Totalareal dekar 300	Produktiv skog dekar 250	Hogstmoden skog m <sup>3</sup> 4000	Jordbruksareal dekar
Nyanlegg lengde 80 meter	Nyanlegg kostnad 100-000 kr.		
Ombygging lengde 120 meter	Ombygging kostnad 80.000 kr.		
Søknadspiktig punktutbetring. Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
<input type="checkbox"/> Bru <input checked="" type="checkbox"/> Bæreevne <input type="checkbox"/> Kurvatur <input type="checkbox"/> Stigning <input type="checkbox"/> Snuplass <input type="checkbox"/> Velteplass <input type="checkbox"/> Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja, anslå antall m <sup>3</sup> masse som skal hentast ut m <sup>3</sup>			
Landbruksvegklasse <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input checked="" type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5 <input type="checkbox"/> 6 <input type="checkbox"/> 7 <input type="checkbox"/> 8 <input type="checkbox"/> Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			
Fyll ut for mellombelse tiltak			
<input type="checkbox"/> Oppstillingsplass for landbruksmaskinar <input type="checkbox"/> Enkel avkøyring frå landbruksveg <input type="checkbox"/> Enkle og mellombelse driftsvegar			
<input type="checkbox"/> Lengde over 150 m <input type="checkbox"/> Lengde under 150 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling over 1 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling under 1 m <input type="checkbox"/> Areal over 450 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Areal under 450 m <sup>2</sup>			
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener dekar			
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom ja, kor mange år år			
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det mellombelse tiltaket kr/m <sup>3</sup>			
Grei ut			
Planlagde tiltak i etterkant			
<input type="checkbox"/> Forynging/gjenplanting <input type="checkbox"/> Reparere vasslaup <input type="checkbox"/> Oppretting køyrespor <input type="checkbox"/> Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering <input type="checkbox"/> Anna			
Grei ut			

## 6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleinga

Naturmangfald  Ja  Nei Landskap  Ja  Nei Kulturminne  Ja  Nei Friluftsliv  Ja  Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Andre Interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag  Ja  Nei Reindriftsinteresser  Ja  Nei Vernskog  Ja  Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense:  Over  Under  Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Eventuelle kommentarar

## 7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsyn og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan setje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komma i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato  
EKNES 21.10.2020

Underskrift

## Kartvedlegg

Kart skal leggst ved søknaden både for permanente vegar og mellombelse tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

- Planlagt vegtrase (brotten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).
- For mellombelse driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (brotten/stiplate blå strek).
- Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (heil blå strek).
- Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).
- Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (heil svart strek).
- Busetnadar, offentleg infrastruktur og andre interesser som vegen/tiltaket kan få følger for (heil gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekke i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen
- Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (heil grøn strek).
- Aktsemdsområde for jord- og flaumskred (Skrednett).
- Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eiga vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggar eller geoteknisk sakkyndig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

## Rettleiing

### Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksvegar etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jmfør landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

### Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal og vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølve vegtraséen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

### Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

#### 1 og 2. Er det eit søknadspliktig tiltak, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Ettersom søknad om vegbygging anten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nyttan av dei einiskilde interessene skal fastsettast etter samla nytta av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksemda utgjer over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom ikkje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss", jmfør Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort. Du finn òg informasjon og ein kalkulator på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsettast. Dersom nyttefordølinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggst ved søknaden.

#### 3. Opplysningar om søkar

Det skal berre vere ein søkar, og i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Sø karen pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførlig som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjerla.

#### 4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forstås vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for heile eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkast om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkloireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggst ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunnsviktig infrastruktur, skal ei fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggst ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkørsel frå offentleg veg og velteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jmfør forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggst ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, rettshavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veksøknaden, skal leggst ved søknaden.


#### 5. Om tiltaket

- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og mellombelse tiltak. Del permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbetring. Tiltak som hever vegklassa i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetringar, vil normalt vere ei søknadspliktig ombygging.
- Del mellombelse tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsvegar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hjulgåande skogsmaskinar. Desse driftsvegane skal normalt førast tilbake og foryngast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei mellombelse driftsområda merkast av på kart med ei ytre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jmfør forskrifta § 3-3 andre ledd
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no)
- Vegklassene 2-3-4-5 er hellårs bilvegar eller sommarbilvegar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorvegar. «Avvik i frå vegnormalene» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadspliktig terrengingrep jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggjekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.

#### 6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser


Sø karen må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteresser som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i eigedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	Prioriterte artar og freda artar (Forskriftfesta)	<a href="http://kart.naturbase.no">http://kart.naturbase.no</a>	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av trua artar etter naturmangfaldlova.  Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte artar) og Fredete artar.  Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> .
	Utvalde naturtypar (Forskriftfesta)		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Verneområde (Forskriftfesta)		Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtektne egne forskrifter for kvart enkelt verneområde. Verneområde. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Miljøregistrering i skog (MIS) / Nøkkelbiotopar (Forskriftfesta og sertifisert)	<a href="http://kilden.skogoglandskap.no">http://kilden.skogoglandskap.no</a>	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: Miljøregistrering i skog (MIS).  Jmfør bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar takast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard ( <a href="http://www.pefc.no">www.pefc.no</a> ).
	Verna vassdrag (Forskriftfesta)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: Verna vassdrag (NVE).  Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-meterssone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsatt vassdragsbelte rundt verna vassdrag bruker du dette i staden for 100-metersbeltet.



	Målte Grenser		Våningshus
	Registrerte Grenser		Større bustader
	Udefinert grenser		Hytte/feriehus
	Terrengmålte grense		Garasje/uthus
	Konstruert grensepunkt		Industri/lager
	Bolig		Andre bygg
	Bustad m/lleilighet		

Belleggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.  
 Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)  
 Høydesystem: (EPSG:)




Lindås kommune  
 Planavdeling



Dato: 2020.10.22  
 Sign: lini


Målestokk  
 1:4000





N  Målestokk 1:40000

**Lindås kommune**  
Planavdeling



Dato: 2020.10.22  
Skjema: Lini

	Målte Grenser		Vanningshus
	Registrerte Grenser		Større bustader
	Udefinert grenser		Hytte/feriehuis
	Terrengmålte grense		Garasje/uthus
	Konstruert grensepunkt		Industri/lager
	Bolig		Andre bygg
	Bustad i/feilighet		

Beliggenhet og høyder må opprýttes som orienterende.  
Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)  
Høydesystem: (EPSG:)

